

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

---

## Utbygging Kalvåg fiskerihamn

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune går inn som avtalepart i å utarbeide avtaleforslag mellom Kystverket og Bremanger kommune for tiltak i fiskerihamna i Kalvåg. Ansvaret Vestland fylkeskommune tek på seg er tilsvarende som Kystverket hadde med unntak av navigasjonsinstallasjonar, som framleis er Kystverket sitt ansvar.
2. Vestland fylkeskommune har som intensjon å gjennomføre prosjektet i tidsrommet 2025 til 2027 og vil innarbeide naudsynte investeringsmidlar i økonomiplanen frå hausten 2021.

### Samandrag

Vestland fylkeskommune tok frå 1.1.2020 over ansvaret for 99 fiskerihamner. To av desse hamnene ligg inne i NTP for perioden 2024-2029 med investeringsbeløp. Dette var Bømlo fiskerihamn i Langevåg og Kalvåg fiskerihamn i Bremanger.

Frå Bremanger kommune er det 12.05.2020 kome ein søknad om fullfinansiering av Kalvåg fiskerihamn.

Det er gjennomført omfattande undersøkingar og utgreiingar av Kystverket knytt til utbygging av molo og utdjuping av hamna i Kalvåg. Eigedomsavdelinga har synfart fiskerihamna og gjennomgått utarbeidd dokumentasjon og kalkyle. Vi har funnet at det utførde arbeidet er grundig og tilstrekkeleg til å vedta utbygging av ny molo.

I kalkylen frå Kystverket frå 2014, så er ny molo og utdjuping av hamna utan navigasjonsinstallasjonar kostnadsrekna til omlag 61 mill. kr (eks mva). Det er i kalkylen teke omsyn til usikkerheit i byggearbeida. Dette er kalkulert/stipulert til å utgjere nærmare 72 mill. kr i 2021. Fylkesrådmannen tilrår difor ei ramme på 72 mill. kr eks .mva. for å realisera prosjektet. Prosjektet vil bli gjennomført av Vestland fylkeskommune i nært samarbeid med Bremanger kommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Gjennomføringsavtale Bremanger kommune - Kystverket Vest - Kalvåg fiskerihamn
- 2 Forprosjekt Kalvåg fiskerihamn 20170711
- 3 Søknad frå Bremanger kommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune tok frå 1.1.2020 over ansvaret for 99 fiskerihamner. To av desse hamnene ligg inne i NTP for perioden 2024-2029 med investeringsbeløp. Dette var Bømlo fiskerihamn i Langevåg og Kalvåg fiskerihamn i Bremanger.

Det blei 2017 utarbeidd ein gjennomføringsavtale mellom Bremanger kommune og Kystverket knytt til planlegging og utføring av arbeida på fiskerihamna i Kalvåg. Då ansvaret for fiskerihamnene blei overført til fylket, førte det til at grunnlaget for avtaleforslaget blei endra og dermed avslutta.

I forkant av utarbeiding av avtalen blei det av Kystverket gjennomført eit grundig forprosjekt der tilhøve som påverka saka og utbygginga blei undersøkt. Mellom anna blei det gjennomført bølgeanalyser, grunnundersøkingar, stabilitetsvurdering, samfunnsøkonomisk analyse og kostnadskalkyle inkludert ein usikkerheitsanalyse. Bremanger kommune har gjennomført naudsynt detaljregulering av området og grunnervervet. Prosjektet er difor godt gjennomarbeidd og det er ikkje naudsynt med ytterlegare arbeid før konkurransegrunnlag for utbygging kan utarbeidast.

Frå Bremanger kommune er det 12.05.2020 komen ein søknad til Vestland fylkeskommune om fullfinansiering av Kalvåg fiskerihamn.

### Gjennomføring

Vidare arbeid er avhengig av at Vestland fylkeskommune går inn som avtalepart i avtalen utarbeidd mellom Kystverket og Bremanger kommune. I den utarbeidde, men ikkje signerte avtalen, er det lagt opp til gjennomføring i perioden 2024-2029 forutsett løying frå Staten. Økonomiplan for perioden 2021-2024 er utarbeidd parallelt med denne saka og det er ikkje funnet rom for investeringsmidlar til dette prosjektet i framlagd økonomiplan frå fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen anbefaler difor å gjennomføra prosjektet i frå 2025. Då prosjektet er klart for utarbeiding av konkurransegrunnlag for utbygging, så vil investeringa strekke seg over åra 2025 til 2027 med hovudtyngda i 2026.

Prosjektet vil bli gjennomført av Eigedomsavdelinga i Vestland fylkeskommune i nært samarbeid med Bremanger kommune.

Bremanger kommune har vurdert om dei kan forskottera ei eventuell utbygging på tilsvarande måte som fiskerihamna i Langevåg på Bømlo. Bremanger kommune har kome fram til at dette ikkje er mogleg for dei.

### Økonomi

Det er gjennomført omfattande undersøkingar og utgreiingar av Kystverket knytt til utbygging av molo og utdjuping av hamna i Kalvåg. Eigedomsavdelinga har gjennomgått desse og den framlagde kalkylen, og har funnet at det utførde arbeidet er grundig og eit godt grunnlag for å berekna kostnaden for prosjektet.

I kalkylen frå Kystverket frå 2014, så er ny molo og utdjuping av hamna utan navigasjonsinstallasjonar kostnadsrekna til omlag 61 mill. kr (eks mva). Det er i kalkylen teke omsyn til usikkerheit i byggearbeida. Samla prisstigning fram til 2021 er vurdert å vere omlag 15% med eit usikkerheitsspenn på +/- 3%. Fylkesrådmannen tilrar difor ei ramme på 72 mill. kr eks .mva. for å realisera prosjektet (2021 kr).

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse då prosjektet belastar investeringsbudsjettet i 2025-2027

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ny molo og utdjuping av hamna i Kalvåg er kalkulert til å kosta 72 mill. kr eks mva og 90 mill. kr inkl. mva (2021 kr). Investeringa vert innarbeidd i økonomiplanen for perioden 2025 til 2027 med hovudtyngda på investeringa i 2026.

**Klima:** Påverknad på klima er ikkje vurdert å bli endra ut over klimaavtrykket til sjølve byggeprosjektet.

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Prosjektet vil legge til rette for framtidig verdiskaping, gode ringverknadar og busetting i ein viktig region knytt til uttak av ressursar frå havet. God regional kopling til marint og maritimt næringsliv nord i Vestland fylkeskommune.

#### Konklusjon

Som ein følgje av at forvaltningsansvaret for fiskerihamnene blei overført frå Kystverket til fylkeskommunane frå 1.1.2020, tilrår fylkesrådmannen at fylkeskommunen går inn i den utarbeidde avtalen Kystverket hadde med Bremanger kommune knytt til ny molo og utdjuping av hamna i Kalvåg. Unnateke er ansvaret for navigasjonsinstallasjonar som framleis er Kystverket sitt ansvar. Vidare anbefaler fylkesrådmannen at prosjektet blir finansiert i perioden 2025 til 2027.

**Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget vedtek utbyggingsprosjektet slik det går fram av saksframlegget.**